



Saksmappe: 2017/1018
Sakshandsamar: IOF og NBK
Dato: 27.12.2021

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
8/22	Formannskapet	01.02.2022
6/22	Plan, miljø- og ressursutvalet	01.02.2022
9/22	Kommunestyret	09.02.2022

Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Otravassdraget - Høyringsuttale frå Bygland kommune

Kommunestyret si handsaming av sak 9/2022 i møte den 09.02.2022:

Handsaming:

Formannskapet si innstilling blei samrøystes vedteken.

Vedtak:

Bygland kommune stiller seg bak felles uttale i frå kommunane, Revisjon av reguleringskonsesjoner i Otravassdraget (vedlegg 11. Høringsinnspill vertskommunene felles).

Bygland kommune trekker krav om å endre reguleringshøgda av sumarvasstanden i Byglandsfjorden. Kravet om utvida sesong for sumarregulering oppretthaldast. Bygland kommune legg fram følgjande endring av vilkår for regulering av Byglandsfjorden: I tida frå vårflommens kulminasjon og ut september månad skal vasstanden i Byglandsfjorden vere mellom kote 202 – 202,5. Vasstanden kan i periodar gå over kote 202,5 i samband med flaumsituasjonar.

Bygland kommune held fast på følgjande krav i revisjonen av vilkåra for konsesjon i Byglandsfjorden:

- Det etablerast båtslipp ved Ose og utbetring av eksisterande slipp i Byglandsfjord og Bygland for allmenta.
- Vasstanden i Åraksfjorden må avklarast.
- Det tredje løpet ved Storestraumen må opnast igjen.
- Erosjon sikra tiltak i Åraksfjorden er dimensjonert ut frå HRV på 203. Bygland kommune kan ikkje ta på seg vedlikehald for anlegg der om vasstanden blir regulert over kote 203.
- Det blir etablert eit målepunkt i Bygland i tillegg til dei to som eksisterer i dag.
- Ansvar for sikring av båtundergangar avklarast.
- Det opprettast vandringsveg for bleka frå Kilefjorden og opp til Hallandsfossen.
- Det må på plass oppdatert kunnskap om tilpassa vassføring, temperatur og gyteplassar i elvestrekk for bleka.

- Det opprettast eige fond for opphjelp av friluftsliv og fisk.
- Det opprettast eige fond for opphjelp av villrein.
- Det opprettast eit eige fond og årlege bidrag til restaurering og vedlikehald av gamle Bjoren bryggjer og slusene.
- Det utførast jamlege innfrysningar av krypsiv
- Utførast årleg mekanisk klypping og oppreinsking av plantevekstar i vassdraget.
- Det etablerast system for oppsamling av krypsiv før krypsiv når ut i Åraksfjorden.
- Krypsivfondet førast vidare med årlege innbetalningar
- Det bør vere eit vilkår i konsesjonen om at regulant pliktar å ivareta settefiskproduksjon dersom bleka ikkje reproduserar tilstrekkeleg.
- Åraksfjorden blir definert som ein del av Byglandsfjorden. Vasstanden i Åraksfjorden må ikkje overstige HRV på 203

Hovatn:

Minstevassføring frå bekkeinntak Fiskeløys og Byrtingsbekken og ut frå da Hovatn må avklarast og ut frå miljøfagleg vurderingar.

Frostfritt høgdebasseng for brannslukking og til landbruksvatn for gardane langs Hovassåni blir etablert og vedlikehalde av OB.

Sumarvasstanden i Hovatn aukast med 80 cm slik at sumarvasstanden blir liggjande mellom kote 686,5 – 690,68

Gyvatn:

Sumarvasstanden i Gyvatn skal vere mellom kote 563,5 – 564,5 frå vårflaumens kulminasjon til 30. september.

Vandringsveg for aure mellom Skjerka og Gyvatn utreiast i eigne handlingsplanar for fisk.

Longeraksvatn:

Sumarvasstanden i Longeraksvatn skal vere mellom kote 596,84 – 597,84 frå vårflaumens kulminasjon til 30. september.

Plan, miljø- og ressursutvalet si handsaming av sak 6/2022 i møte den 01.02.2022:

Handsaming:

Kommunedirektøren si innstilling blei samrøystes vedteken

Vedtak:

Bygland kommune stiller seg bak felles uttale i frå kommunane, Revisjon av reguleringskonsesjoner i Otravassdraget (vedlegg 11. Høringsinnspill vertskommunene felles).

Bygland kommune trekker krav om å endre reguleringshøgda av sumarvasstanden i Byglandsfjorden. Kravet om utvida sesong for sumarregulering oppretthaldast. Bygland kommune legg fram følgjande endring av vilkår for regulering av Byglandsfjorden: I tida frå vårflommens kulminasjon og ut september månad skal vasstanden i Byglandsfjorden vere mellom kote 202 – 202,5. Vasstanden kan i periodar gå over kote 202,5 i samband med flaumsituasjonar.

Bygland kommune held fast på følgjande krav i revisjonen av vilkåra for konsesjon i Byglandsfjorden:

- Det etablerast båtslipp ved Ose og utbetring av eksisterande slipp i Byglandsfjord og Bygland for allmenta.
- Vasstanden i Åraksfjorden må avklarast.
- Det tredje løpet ved Storestraumen må opnast igjen.
- Erosjon sikra tiltak i Åraksfjorden er dimensjonert ut frå HRV på 203. Bygland kommune kan ikkje ta på seg vedlikehald for anlegg der om vasstanden blir regulert over kote 203.
- Det blir etablert eit målepunkt i Bygland i tillegg til dei to som eksisterer i dag.
- Ansvar for sikring av båtundergangar avklarast.
- Det opprettast vandringsveg for bleka frå Kilefjorden og opp til Hallandsfossen.
- Det må på plass oppdatert kunnskap om tilpassa vassføring, temperatur og gyte plassar i elvestrekk for bleka.
- Det opprettast eige fond for opphjelpe av friluftsliv og fisk.
- Det opprettast eige fond for opphjelpe av villrein.
- Det opprettast eit eige fond og årlege bidrag til restaurering og vedlikehald av gamle Bjoren bryggjer og slusene.
- Det utførast jamlege innfrysningar av krypsiv
- Utførast årleg mekanisk klypping og oppreinsking av plantevekstar i vassdraget.
- Det etablerast system for oppsamling av krypsiv før krypsiv når ut i Åraksfjorden.
- Krypsivfondet førast vidare med årlege innbetalingar

Hovatn:

- Minstevassføring frå bekkeinntak Fiskeløys og Byrtingsbekken og ut frå da Hovatn må avklarast og ut frå miljøfagleg vurderingar.
- Frostfritt høgdebasseng for brannsløkking og til landbruksvatn for gardane langs Hovassåni blir etablert og vedlikehalde av OB.
- Sumarvasstanden i Hovatn aukast med 80 cm slik at sumarvasstanden blir liggjande mellom kote 686,5 – 690,68

Gyvatn:

- Sumarvasstanden i Gyvatn skal vere mellom kote 563,5 – 564,5 frå vårflaumens kulminasjon til 30. september.
- Vandringsveg for aure mellom Skjerka og Gyvatn utreist i eigne handlingsplanar for fisk.

Longeraksvatn:

- Sumarvasstanden i Longeraksvatn skal vere mellom kote 596,84 – 597,84 frå vårflaumens kulminasjon til 30. september.

Formannskapet si handsaming av sak 8/2022 i møte den 01.02.2022:

Handsaming:

Felles tilleggsframlegg: Det bør vere eit vilkår i konsesjonen om at regulant pliktar å ivareta settefiskproduksjon dersom bleka ikkje reproducerer tilstrekkeleg.

Røysting: Samrøystes

Olav Neset: Endringsframlegg til punkt 2: Åraksfjorden blir definert som ein del av Byglandsfjorden. Vasstanden i Åraksfjorden må ikkje overstige HRV på 203

Røysting over endringsframlegget frå Olav Neset:

Røysting over kommunedirektøren si innstilling med tilleggsframlegga: Samrøystes

Vedtak:

Bygland kommune stiller seg bak felles uttale i frå kommunane, Revisjon av reguleringskonsesjoner i Otravassdraget (vedlegg 11. Høringsinnspill vertskommunene felles).

Bygland kommune trekker krav om å endre reguleringshøgda av sumarvasstanden i Byglandsfjorden. Kravet om utvida sesong for sumarregulering oppretthaldast.

Bygland kommune legg fram følgjande endring av vilkår for regulering av Byglandsfjorden:

I tida frå vårflommens kulminasjon og ut september månad skal vasstanden i Byglandsfjorden vere mellom kote 202 – 202,5. Vasstanden kan i periodar gå over kote 202,5 i samband med flaumsituasjonar.

Bygland kommune held fast på følgjande krav i revisjonen av vilkåra for konsesjon i Byglandsfjorden:

- Det etablerast båtslipp ved Ose og utbetring av eksisterande slipp i Byglandsfjord og Bygland for allmenta.
- Vasstanden i Åraksfjorden må avklarast.
- Det tredje løpet ved Storestraumen må opnast igjen.
- Erosjon sikra tiltak i Åraksfjorden er dimensjonert ut frå HRV på 203. Bygland kommune kan ikkje ta på seg vedlikehald for anlegg der om vasstanden blir regulert over kote 203.
- Det blir etablert eit målepunkt i Bygland i tillegg til dei to som eksisterer i dag.
- Ansvar for sikring av båtundergangar avklarast.
- Det opprettast vandringsveg for bleka frå Kilefjorden og opp til Hallandsfossen.
- Det må på plass oppdatert kunnskap om tilpassa vassføring, temperatur og gyteplassar i elvestrekk for bleka.
- Det opprettast eige fond for opphjelp av friluftsliv og fisk.
- Det opprettast eige fond for opphjelp av villrein.
- Det opprettast eit eige fond og årlege bidrag til restaurering og vedlikehald av gamle Bjoren bryggjer og slusene.
- Det utførast jamlege innfrysningar av krypsiv
- Utførast årleg mekanisk klypping og oppreinsking av plantevekstar i vassdraget.
- Det etablerast system for oppsamling av krypsiv før krypsiv når ut i Åraksfjorden.
- Krypsivfondet førast vidare med årlege innbetalingar
- Det bør vere eit vilkår i konsesjonen om at regulant pliktar å ivareta settefiskproduksjon dersom bleka ikkje reproduserar tilstrekkeleg.
- Åraksfjorden blir definert som ein del av Byglandsfjorden. Vasstanden i Åraksfjorden må ikkje overstige HRV på 203

Hovatn:

- Minstevassføring frå bekkeinntak Fiskeløys og Byrtingsbekken og ut frå da Hovatn må avklarast og ut frå miljøfagleg vurderingar.
- Frostfritt høgdebasseng for brannslokking og til landbruksvatn for gardane langs Hovassåni blir etablert og vedlikehalde av OB.
- Sumarvasstanden i Hovatn aukast med 80 cm slik at sumarvasstanden blir liggjande mellom kote 686,5 – 690,68

Gyvatn:

- Summarvasstanden i Gyvatn skal vere mellom kote 563,5 – 564,5 frå vårflaumens kulminasjon til 30. september.

- Vandringsveg for aure mellom Skjerka og Gyvatn utreiast i eigne handlingsplanar for fisk.

Longeraksvatn:

- Sumarvasstanden i Longeraksvatn skal vere mellom kote 596,84 – 597,84 frå vårflaumens kulminasjon til 30. september.

Kommunedirektøren si innstilling:

Bygland kommune stiller seg bak felles uttale i frå kommunane, *Revisjon av reguleringskonsesjoner i Otravassdraget (vedlegg 11. Høringsinnspill vertskommunene felles)*.

Bygland kommune trekker krav om å endre reguleringshøgda av sumarvasstanden i Byglandsfjorden. Kravet om utvida sesong for sumarregulering oppretthaldast. Bygland kommune legg fram følgjande endring av vilkår for regulering av Byglandsfjorden: *I tida frå vårflommens kulminasjon og ut september månad skal vasstanden i Byglandsfjorden vere mellom kote 202 – 202,5. Vasstanden kan i periodar gå over kote 202,5 i samband med flaumsituasjonar.*

Bygland kommune held fast på følgjande krav i revisjonen av vilkåra for konsesjon i Byglandsfjorden:

- Det etablerast båtslipp ved Ose og utbetring av eksisterande slipp i Byglandsfjord og Bygland for allmenta.
- Vasstanden i Åraksfjorden må avklarast.
- Det tredje løpet ved Storestraumen må opnast igjen.
- Erosjon sikra tiltak i Åraksfjorden er dimensjonert ut frå HRV på 203. Bygland kommune kan ikkje ta på seg vedlikehald for anlegg der om vasstanden blir regulert over kote 203.
- Det blir etablert eit målepunkt i Bygland i tillegg til dei to som eksisterer i dag.
- Ansvar for sikring av båtundergangar avklarast.
- Det opprettast vandringsveg for bleka frå Kilefjorden og opp til Hallandsfossen.
- Det må på plass oppdatert kunnskap om tilpassa vassføring, temperatur og gyteplassar i elvestrekk for bleka.
- Det opprettast eige fond for opphjelp av friluftsliv og fisk.
- Det opprettast eige fond for opphjelp av villrein.
- Det opprettast eit eige fond og årlege bidrag til restaurering og vedlikehald av gamle Bjoren bryggjer og slusene.
- Det utførast jamlege innfrysningar av krypsiv
- Utførast årleg mekanisk klypping og oppreinsking av plantevekstar i vassdraget.
- Det etablerast system for oppsamling av krypsiv før krypsiv når ut i Åraksfjorden.
- Krypsivfondet førast vidare med årlege innbetalingar

Hovatn:

- Minstevassføring frå bekkeinntak Fiskeløys og Byrtingsbekken og ut frå da Hovatn må avklarast òg ut frå miljøfagleg vurderingar.
- Frostfritt høgdebasseng for brannslukking og til landbruksvatn for gardane langs Hovassåni blir etablert og vedlikehalde av OB.

- Summarvasstanden i Hovatn aukast med 80 cm slik at summarvasstanden blir liggjande mellom kote 686,5 – 690,68

Gyvatn:

- Summarvasstanden i Gyvatn skal vere mellom kote 563,5 – 564,5 frå vårflaumens kulminasjon til 30. september.
- Vandringsveg for aure mellom Skjerka og Gyvatn utreiast i eigne handlingsplanar for fisk.

Longeraksvatn:

- Summarvasstanden i Longeraksvatn skal vere mellom kote 596,84 – 597,84 frå vårflaumens kulminasjon til 30. september.

For meir utfyllande grunngjeving syner ein til saksutgreiing under og til felles uttale i frå kommunane.

SAKSUTGREIING

Samandrag/ konklusjon

NVE har lagt revisjonsdokumentet frå Otteraaens Brugseierforening ut på offentlig høyring. Kommunane sine krav i samband med opning av revisjonen er omtala i dokumentet. Totalt er det meir enn 100 krav. Nokre av krava er felles for fleire kommunar og desse er kommentert i felles uttale frå kommunane. Fellesuttalen er utarbeida av advokatfirmaet Lund & Co i fellesskap med kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand. Kommunedirektøren tilrår at Bygland kommune stør felles uttale og opprettheld dei fleste krava ovanfor OB. Nokre av krava er no meir tydeleggjort.

Bakgrunn for saka

Kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Iveland, Vennesla og Kristiansand sendte inn krav om revisjon av vilkåra for reguleringskonsesjonar i Otravassdraget 20.3.2018. NVE opna vilkårsrevisjon for Otravassdraget 5.7.2019. Revisjonsdokumentet frå Otteraaens Brugseierforening, heretter OB, vart sendt over til NVE. NVE sendte 17.8.21 høyringsdokument ut på offentlig høyring med høyringsfrist 1.12.21. Kommunane har fått utsett frist til 1.3.22.

OB har i revisjonsdokumentet vurdert kommunanes krav. Revisjonsdokumentet vart presentert av OB 10.8.21 i felles møte for kommunane der ordførarar, kommunedirektørar og sakshandsamarar deltok og for kommunestyret i Bygland 30.09.21.

Det er arrangert eit eige seminar om krypsiv på Evjemoen 15.11.21. Kommunen har informert om høyringsfristar og kontaktpersonar vedrørende dokumentet på kommunen si heimesida. NVE har annonsert om høyringa i lokale aviser. Kommunen har hatt dialogmøte med OB om dei hadde innspel i samband med ny arealdel i kommuneplanen. Område rundt Ose bru og Storestraumen var to sentrale tema.

NVE har motteke uttalar til høyringa frå institusjonar, lag mfl. Uttalar til høyringa kravsdokumentet frå kommunane og revisjonsdokument frå OB finn ein ved å følgje link under til NVE si heimeside.

<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8131&type=V-1>

Revisjonen handlar om heile vassstrengen. I uttala under vil vi primært omtale krav som er stilt i Bygland kommune.

Vidare prosess

NVE sitt vedtak om opne for revisjon er heimla jf. vassdragsreguleringslova § 8. Saksgang for revisjon av konsesjonsvilkår i vassdrag følgjer av [Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner](#). Det er NVE som tek imot høyringsuttalane, og NVE sender desse vidare til OB for uttale. NVE kan krevje fagleg tilleggsundersøkingar eller anna fagleg relevant dokumentasjon. Ut frå innkomne krav, revisjonsdokumentet, høyringsuttalar, tilsvar frå OB m.m. utarbeider NVE ei innstilling til OED om eventuelle endringar av vilkår i konsesjonen og med forslag til nye vilkår. OED sender NVE si innstilling på ei avgrensa høyring til kommunar, fylkeskommunen, Statsforvaltaren og Miljødirektoratet før saka avklarast mellom dei rørte departementa. Nye vilkår blir fastsett ved kongeleg resolusjon. Ved endring av vilkår kan konsesjonær seie i frå seg konsesjonen.

Vurderingar og konsekvensar

I OED sine retningslinjer for revisjonsarbeidet står det: «*Hovedformålet med en revisjon av vilkår vil være muligheten for å bedre miljøforholdene i regulerte vassdrag.*

Revisjonsadgangen er ment å innebære en modernisering eller ajourføring av konsesjonsvilkårene. Revisjonen skal også gi anledning til å oppheve vilkår som har vist seg urimelige, unødvendige eller uhensiktsmessige. Revisjonen gir mulighet til å sette nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for allmenne interesser som har oppstått som følge av reguleringene. Dette er særlig aktuelt ved skader og ulemper som ikke var forutsatt på konsesjonstidspunktet eller som i dag vurderes annerledes som følge av endrede samfunnsforhold og verdsetting av miljøkvalitet.»

Når ein revisjon av vilkår er utført, er det normalt vere 30 år til neste moglegheit for revisjon. Det er NVE som er ansvarleg myndigheit for oppfølging av dei reviderte vilkåra. Vilkåra gjeve som standard naturforvaltning er det Statsforvaltaren eller miljødirektoratet som følgjer opp. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet har mynde til å pålegge nødvendige undersøkingar knytt til biologien i ferskvatn, plante- og dyreliv og friluftsliv. NVE, Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan pålegge at det utarbeidast tiltaksplanar for ulike tiltak. Pålegg om tiltak eller undersøkingar må vere knytt til skader som er forårsaka av kraftutbygginga. Kostnadane må vere rimeleg i forhold til skadeomfang og nytteverknad.

Byglandsfjorden og Otra er indrefiletten i Bygland kommune. Fjorden er omkransa av bilveg på både sider av fjorden frå Byglandsfjord og opp til Ose bru. Elvestrekket vidare oppover er òg synleg frå vegen i stor mon. Kommunen ynskjer å vere innbjodande for reisande opp over dalen, slik at ein kan få flest moglege besøkande i vår kommune.

I saka under vil vi primært kommentere krav som har kome frå Bygland kommune, men og belyse nokre nye moment som har kome opp og som påverkar Bygland.

Regulering av Byglandsfjorden

Avgrensingane i bruken av sumarmagasinet i Byglandsfjord til kote 202 – 203 vart innført i 1974. Dette for å redusere skadeverknadane, og for å take vare på best mogleg landskapsbilete rundt fjorden. I samband med fornying av konsesjonen for Byglandsfjorden, som starta i 1987 og vart avslutta i 2003, vart det bestemt av sumarvasstanden i Byglandsfjorden framleis skal ligg mellom kote 202 og 203. Den gongen vart regulering av Byglandsfjorden grundig diskutert. Bygland kommune har framstilt krav om at sumarvasstanden skal liggje mellom 201,5 og 202,5 jf. vedtak i kommunestyret 3. januar 2018. Kommunedirektøren hadde innstilt på at sumarvasstanden burde liggje mellom 202 og 202,5. I brev til OB datert 23. november 2020 bad vi konsesjonær foreta ei grundig vurdering av konsekvensane ved dei ulike kotehøgder i manøvreringa før dei fastsette eit endeleg manøvreringsintervall om sumaren. Kommunen kan ikkje sjå at det ligg føre gode vurderingar rundt allmenne interesser når det gjeld bryggjeanlegg, badeliv, ferdsel på fjorden med båt, bruk av slusene, følgjer for fisk og fiske, krypsiv m.m. OB har primært lagt til grunn økonomiske konsekvensar, flaumvurderingar og følgjer endra reguleringsregime kan få for deira del.

OB foreslår i revisjonsdokumentet på s 126 følgjande endring av vilkår: *«I tiden fra vårflommens kulminasjon og ut august måned skal vannstanden i Byglandsfjorden ikke være lavere enn kote 201,5. Regulanten oppfordres til å søke å holde vannstanden mellom kote 202 og kote 202,5. Vannstanden kan i perioder gå under kote 202 eller over kote 202,5 i forbindelse med flomsituasjoner, sikre MVF kravet i Otra nedstrøms dam Byglandsfjord eller i spesielle driftssituasjoner for kraftanleggene i Otra.»*

Kommunedirektøren er samd i at vasstanden i Byglandsfjorden bør liggje mellom kote 202 og 202,5, men forslaget til OB om regulering opp til 203 og ned til 201,5 gir rom for å tolke reguleringsregimet vidare enn det er i dag. I praksis vil framlegget til OB kunne føre til utvida regulering av Byglandsfjorden og med dertil større ulemper for friluftslivet.

Ulemper ved å gå ned til kote 201,5 om sumaren

Ved å senke summarvasstanden vil mange av dagens bryggjeanlegg ikkje lengre vere brukande. OB har ikkje nemnt noko om kven som skal ta kostnaden med ein lågare vasstand mot. utbetring av bryggjeanlegg m.m. Dagens bryggjeanlegg til Bjoren må utbetrast noko om ein går under kote 202. Ferdsele på fjorden med båt vil òg bli vanskelegare pga. at fleire skjer og steinar kjem nærare eller over vassoverflata.

Under fornying av konsesjonen i Byglandsfjorden m.m. (prosess frå 1987-2003) vart ulempa med låg vasstand for vatningsanlegg omtala. Under tørkesummaren i 2018 har vi kjennskap til at to av desse anlegga var i bruk. For låg vasstand fører til at ein må gå lengre ut og djupare med sugeslangar i fjorden. Med dei ulempene det fører til med redusert trykk og meirarbeid. Mest mogleg stabil summarvasstand vil vere ei føremon mot. tilsyn og for å

unngå flytting av inntak av vatn til pumpe. Likeeins vil gjerdning for husdyr måtte gå lengre ut i fjorden om vasstanden blir låg. Vi ser for oss at det kan kome rettslege krav mot både kommunen og OB om ein kan regulerer Byglandsfjorden ned til 201,5 utan at det blir kompensert for ulempene med redusert vasstand i Byglandsfjorden om sumaren. Låg vasstand i fjorden vil føre til tørrlegging av områder som for mange vil gi eit unaturleg landskapsbilete av fjorden. Med dertil redusert inntrykk av Bygland og Byglandsfjorden for besøkande og fastbuande.

Fordelar ved å gå ned til kote 201,5 om sumaren

I Byglandsfjorden har vi mange fine sandstrender. Erosjonssikring har ført til at ein har teke noko av strendene. Ved høgare vasstand enn 202,5 om summaren har ein i praksis ikkje strand igjen der det er erosjonssikra. Ved å senke fjorden ned mot 201,5, vil ein få lange og fine sandstrender som kan ta imot fleire badegjester. Ved store nedbørsmengder vil ein lettare kunne avhjelpe ein flaumsituasjon i vassdraget med vasstand ned til kote 201,5.

Kommentar

Kommunedirektøren vurderar at ulempene er sopass store, ved å endre reguleringshøgda ned til kote 201,5 for båtferdselen på fjorden, at vi foreslår at Bygland kommune trekker framlegget. Eventuelt må det stillast krav om at det kjem på plass kompensasjonsordningar til private og offentlege tiltak som vert skadelidande. Vedteke Strandsoneplanen tilrår ei høgde på 202,3. Kommunedirektøren meiner at høgda på fjorden bør liggje mest mogleg stabilt rundt 202,2 – 202,3. Regulering av vasstanden om sommaren bør liggje innafor kote 202 og 202,5. Vasstanden kan i periodar gå over kote 202,5 i samband med flaumsituasjonar.

Sumarvasstanden utvidast med ein månad

Bygland kommune har stilt krav om at sesongen for sumarvasstanden utvidast med ein månad til ut september månad. Argumentet er at allmenta i mykje større grad no brukar fjorden ut over hausten i samband med fiske, rekreasjon og opplevingar for turistar. September er blant anna ein særskild god tid for fiske mot temperatur i vatnet og kvalitet på fisken. Ute i oktober blir det kaldare, tidlegare mørkt og kvaliteten på fisken blir dårlegare av dei han gjer seg gytelkar.

Bileta under syner båtar som ikkje vart teken opp på land før ein starta å tappe ned Byglandsfjorden i haust. Byglandsfjorden har ha ein flomdempande effekt lengre ned i vassdraget. Kravet om å utvide sumarsesongen må òg sjåast i samband med reguleringsreglementet for sumaren. Eit alternativ vil kunne vere å ha eit litt meir lempelig manøvreringsreglement for september månad. Der ein t.d. oppmodar OB til å til å halde vasstanden mellom kote 202 – 202,5, men at det er mogleg å gå opp til HRV ved spesielle situasjonar og under 202 ved fare for flaum.

Båttutsett/slipp i Byglandsfjorden

Det finnst offentleg rampe for å sette ut båt nede ved gamle stasjonsområdet i Byglandsfjord, ved Prestneset og Nesmoen industriområde i Bygland. I tillegg er det nokre mindre private slipp ved Grendi, Lauvdal, Åraksbø og Neset Camping. Byglandsfjorden er lang og båtsesongen har blitt lengre no med mildare klima. Båtslippa er bygd for å sette ut båtar når sumarvasstand er mellom 202 og 203 m. Skal ein få sett ut eller ta opp båt før eller

etter sumarreguleringa er båtslippa bli for korte. Dei er òg bygd for å sette ut mindre båtar, dvs. at dei gjerne er litt smale for større bilar og hengarar. I nordre del av Byglandsfjorden ved Ose/Austad er det i dag ikkje offentleg båtslipp.

Bygland kommune har stilt krav om at det byggast båtslipp i ved Ose. I samband med ny reguleringsplan for Ose området er det framlegg om å leggje til rette for offentleg båtslepp og opparbeiding av bryggjeanlegg.

Beredskap

Setesdal Brannvesen IKS har eigen båt for redning stasjonert på stasjonen i Bygland. Redningsbåten skal kunne ta opp personar i vatnet, sette ut lenser ved søl av olje eller andre kjemikaliar m.m. Båten er relativ stor og tung, for at redningsbåt skal kunne kome fortast fram til ein hending, er det vesentleg at ein har gode båtslepp i nærleiken av hendinga.

OB skriv følgjande om utsettingsplasser i Byglandsfjorden: *«Vi ser ikke at forholdene i vassdraget har endret seg i forhold til adkomst etter ny tillatelse til regulering i 2003. Det er imidlertid en betydelig økning i antall personer med båter som benytter Byglandsfjord til rekreasjon, og OB vil vurdere delfinasiering av en slipp ved Byglandsfjord dersom det legges til rette for at allmenheten får tilgang.»* OB viser så til NVEs innstilling til ny konsesjon i 2003: *«Med dagens reguleringsgrenser i Byglandsfjorden, finner vi at hensyn til allmenheten ikke gir grunnlag for pålegg om båtplasser/brygger i Byglandsfjorden.»* Vidare skriv OB at: *«Behov for utsettingsplasser som er tiltenkt allmenheten vil etter vår mening også ivaretas av standard naturforvaltningsvilkår.»*

Kommentar:

Kommunedirektøren meiner båtslepp på Ose må på plass av omsyn til beredskap i denne delen av kommunen. Samtidig ser ein behov for forlenging og utbetring av eksisterande båtslepp i Bygland og på Byglandsfjord slik at ein kan sette ut båt på fjorden til alle tider når fjorden er open.

Bruk av Byglandsfjorden har auka vesentleg sidan ny tillating i 2003. Båtslipp ved Ose vil òg vere til nytte ved utsetting av fartøy for oppsamling av krypsiv eller i samband med prøvefiske. OB vil etter vår meining kunne ha nytte av ein båtslipp ved Ose. Etter vår vurdering er behov for båtslipp i vesentleg kome pga. regulering av Byglandsfjorden. Vi meiner at OB må ta kostnaden med å byggje ny slipp på Ose og med å utbetre dei eksisterande.

For å få ein avklaring på ansvarsforhold meiner vi at slippa i Byglandsfjorden må inn som eige vilkår, og ikkje dekkast av standard naturforvaltningsvilkår slik OB hevdar.



Bilete syner båtslipp og innløp til bryggjeanlegg ved Prestnest i Bygland 16. september 2021. Vasstanden er på kote 200,63.



Bryggjeanlegg ved Prestneset i Bygland 16. september 2021. Vasstanden i fjorden er 200,63.

Bileta over synleggjer at tilkomst til bryggjene ikkje blir mogleg med større båtar om vasstanden ligg på kote 201,5.

Digitalt djupdekart, merking av skjær.

Det er stilt krav frå kommunen om at det utarbeidast digitale djupdekart over Byglandsfjorden. Otra Kraft har lagt papirutgåva tilgjengeleg på heimesida slik at alle kan hente opp kartet. Ideelt sett skulle ein hatt eit kart som kunne lastast inn på mobilen med GPS funksjon.

Kommunen har stilt krav om at regulanten påleggast å merke og vedlikehalde merking av holmar og skjær for å sikre ferdsel med båt. OB har etter at vi kom med krav om dette gitt stønad til båteigar foreininga som har merka skjær i Byglandsfjordenfjorden. I revisjonsdokumentet på s 119 skriv OB: *«OB har samarbeid med båtforeningen om merking av skjær, og er positiv til et videre samarbeid om dette, men ønsker samtidig å gi uttrykk for at vi mener at dette arbeidet i stor grad er gjennomført.»*

Kommentar

Kommunedirektøren meiner krava er innfridd på ein slik måte at ein ikkje treng å gå vidare med krava i revisjonsprosessen.

Sikring av båtundergang:

Den gamle jernbanelina går over Ytre Kilen i Vassendkilen. Bygland kommune har stilt krav om at båtundergangen ved broene på Byglandsfjord sikrast. Bygland kommune har merka båtundergangen på Byglandsfjord. OB meiner at det er anleggseigar som må ta ansvar for sine anlegg.

Kommentar

Det stemmer som OB skriv at Bygland kommune tok på seg ansvar for å merke båtundergang under den gamle jernbanen til Byglandsfjord. Kommunedirektøren meiner at faren for å støyte opp i bruene direkte følgjer av reguleringa. Endring av vasstanden kan difor føre til at det som går greitt å passere under ein dag, ikkje går greitt neste dag, pga. endra vasstand. Det bør difor avmerkast høgder som synleggjer høgda opp til bruovergang ved ulike høgder og at bruene faremerkast av regulant.

Bjoren

I kravsdokumentet er det stilt krav om; *«Det opprettas fond eller årlege bidrag til restaurering og vedlikehald av nokre gamle brygger til Bjoren.»* Av revisjonsdokumentet framkjem det at OB meiner at kravet fell utanfor revisjonen. I revisjonsdokumentet viser OB til innstillinga frå NVE i ny konsesjonen i 2003 som lyder: *«Med dagens reguleringsgrenser i Byglandsfjorden, finner vi at hensyn til allmenheten ikke gir grunnlag for pålegg om båtplasser/brygger i Byglandsfjorden.»* Kommunedirektøren meiner at OB i dette tilfellet mistolkar sitatet. Då det ved førre revisjon var snakk om eit krav om bygging av båtplassar og båtopptrekk rundt Byglandsfjorden og Heievatna. OED skriv følgjande i sin kommentar: *«Selv om båttrafikken er stor på Byglandsfjorden, viser en til at reguleringen er relativt begrenset. Departementet*

finner det derfor ikke rimelig å sette krav om bygging av båtplasser og båtopptrekk. Oppe i fjellmagasinene må det være privatrettslig anliggende mellom regulant og grunneier.»
I dette tilfellet er det snakk om å byggje opp igjen og vedlikehalde bryggjer som dampbåtane Dølen og Bjoren nytta. Desse båtane var i drift lenge før kraftutbygginga.

Sidan oppstart av førre revisjon har passasjerbåten Bjoren kome i drift igjen i 1994/95. Meir om dette og historia til dampbåtane på Byglandsfjorden er henta frå boka, Frå kveg til cruise (Torgeir Moseid 2017, Setesdalsmuseet):

«Mellom 1867 og 1930 var dampbåtane Bjoren og Dølen to sentrale aktørar i samferdsla i dalen. I starten vart båtturen kombinert med hestetransport heilt ned til Kristiansand. Då gjekk Bjoren på Kilefjorden og Dølen på Byglandsfjorden.

I 1896 kom Setesdalsbanen i drift. Bjoren vart flytta til Byglandsfjorden, og det var ingen som lengre kom med hest lengre enn til stasjonen. Noko avhengig av kvar ein budde, var det vanlege å flytte lasta over frå toget til båten, og bli med denne vidare oppover dalen. Det vart bygd 14 bryggjer frå Byglandsfjord til Granheim. Dei gode åra for dampbåtferdsla hadde starta.

Ved bryggja tok hesten over lasset. Slik var det til våren 1920, då L/L Sætedalen Automobilrutor begynte å køyre mellom Ose og Berdalsbru. Veg rundt Fånefjell kom i 1923, og «trege» dampbåtar klarte ikkje å halde følge. I 1930 vart dampbåtselskapet avvikla.

Heilt slutt var det likevel ikkje, for Olav Frantson helt fram med køyring til dei veglause gardane på vestsida av Byglandsfjorden fram til 1957. Så måtte også han gjeve seg. Forfallet tok etter kvart overhand, og i 1975 vart Dølen sendt til opphogging.

Entusiastar og framsynte politikarar kunne likevel ikkje fri seg frå tanken om atter ein gong å få sjå Bjoren lage krusingar på fjorden. Tanken vart ein realitet då Bjoren den 21. mai 1994 kunne take den første prøveturen etter ei omfattande restaurering.

Båten er i dag eit viktig kulturminne for dalen, og fekk tildelt Olavsrosa frå Norsk Kulturarv i 2013.»

I boka kan ein lese om frakt av turistar opp til Sommerhjemmet i Bygland, som vart bygd i 1887 og brann ned i 1964, med plass til inntil 100 gjester. I 1869 då slusene vart ferdige ved Storestraumen gjekk Bjoren opp til Ose og vidare til Granheim. På båe stadane vart det bygd hotell; Ose Turistheim og Granheim Turiststasjon. Det vart etablert eigen skysstasjon med postmottak m.m. Reisande og varer, som skulle lengre oppover dalen, vart frakta vidare med hest. Det var bl.a. turiststasjonar i Valle og på Bjåen.

Bjoren i dag

Bjoren er eit levande museum og landets einast vedfyrte dampbåt. Båten driftas av Setesdalsmuseet, men det er det kommunale selskapet Bjoren AS som er eigar av båten. Bjoren kan ta inntil 50 passasjerar. Bjoren har i dag som i tidlegare tider si utfart frå Byglandsfjord. Bjoren brukar å leggje til ved bryggja i Bygland, og ved Ose om båten tek turen dit. Alle desse tre bryggjene treng vesentleg vedlikehald. I tillegg er det ytterlegare 11 bryggjer som eksisterte i tidlegare tider som no er i sopass dårleg forfatning at dei ikkje kan nyttast lengre. I samband med revidering av kommuneplan ser vi at det har kome inn

framlegg om meir utnytting av fjorden og områda rundt. Vi ser for oss at det er aktuelt å byggje opp fleire av dei gamle bryggjene slik at Bjoren kan frakte passasjerar for av- og på stigning fleire stadar opp langs Byglandsfjorden.

Regulering av fjorden har vore medverkande årsak til at bryggjeanlegg har fått hard medfart. Det er i dag Bygland kommune og friviljug dugnad frå Bjorens Vener, som har utført vedlikehald på bryggjene, som er i bruk i dag. Slusene ved Storestraumen vart bygd opp igjen av kommunen i 1992 og restaurert i 2006-2007. Det er i dag kommunen som står for vedlikehald av slusene.

På eldre foto kan ein blant anna sjå at bryggja i Bygland gjekk lengre ut enn den er i dag. Dette var nok pga. at ein nytta Bjoren i periodar av året når Byglandsfjorden vart tappa lengre ned. Ved fjordhøgde ned til kote 201,5 vil dagens tre bygger kunne nyttast ved å mudre og fjerning eit par større steinar ved anlegga (personleg meddelt Torgeir Moseid). Ved ytterlegare lågare vasstand vil bryggjeanlegga ikkje lengre kunne nyttast. Ein må òg passe på å få Bjoren opp til vinteropplagringsplass før fjorden blir for låg. I praksis vil det seie at ein ikkje kan nytte Bjoren på Byglandsfjorden når fjorden blir tappa frå 1. september.

Kommentar:

Dampbåtane Bjoren (bygd i 1866) og Dølen begynte å gå oppover fjorden i 1867. Altså før OB fekk konsesjon til regulering. I 1994 var Bjoren ferdig restaurert og etter kvart sett i kommersiell drift. Bjoren har no driftssesong frå 1. juni – 1. september. Bryggjeanlegg for Bjoren er viktige kulturminner og er vesentleg for at Bjoren kan halde fram som eit levande museum. Bjoren er viktig for å utvikling Byglandsfjorden som eit attraktivt turistmål. Gode bryggjeanlegg vil òg vere til glede for andre som brukar båt på fjorden. Vi meiner bryggjene er av allmenne interesser og at reguleringa har ført til og vil føre til vesentleg slitasje på bryggjeanlegg. Skal ein få utvide sesongen til Bjoren ut over hausten, må bryggjene forlengast eller så må innløp mudrast. Alternativt er at reguleringsregimet for sumarvasstanden gjeld til 30. september. Kommunedirektøren meiner det må kome på plass øyremerka fond til bryggjeanlegg for Bjoren (sjå eige avsnitt om fond).

Slusene

Historikk

Slusene ved Storestraumen vart bygd i 1870. Då transport med dampbåt på fjorden opp gjennom Storstraumen slutta i 1930, begynte forfallet på slusene. Slusene vart bygd opp igjen i 1992 slik at dei var klare til Bjoren kom på vatnet i 1994. I 2005-06 måtte slusedørene byttas ut pga. røte m.m. Våren 2008 var det flom i vassdraget som førte til at fester til slusedørene og ståltau røyk 1. mai d.å.

Drift av slusene

Ut frå det vi kan finne tilbake til, har mykje av dagens drift av slusene opp mot regulering av Byglandsfjord og OB vore tufta på møte mellom OB og BK 7.9.1998. I referatet står det følgjande under historikk: «*Slusene vart bygd midt på 1800-talet. Dette var før vassdragslovens tid og det forelå derfor ingen konsesjon/tillatelse. Etter at båttrafikken på fjorden opphørte ble slusene ikke vedlikeholdt og i løpet av 1960 og 70-tallet var de praktisk råtnet bort.*» Videre står det under punkt 2 i referatet: «*De nye slusene ble restaurert/bygget i 1992. Tillatelse ble gitt og saksbehandling ble gjennomført i henhold til Vassdragsloven. Prosessen inkluderte høring etc. Bygland kommune har fått formell tillatelse fra NVE til å bygge og drive slusene. Inkludert i betingelsene for driften er at slusene skal stå åpne når*

vannføringen i Otra (egentlig målt ved dammen på Byglandsfjord) overstiger 200 m³/s. Bygland kommune har ansvaret for eventuelle skader pga. ekstra oppstuvning dersom slusene ikke står åpne ved stor vannføring.

Det er utført analyser av Stål-Consult AS (sivilingeniør Hagen og Solaas 1991) som seier at ved 800 m³/s ut Byglandsfjorden og vasstanden er 203 nede ved Byglandsfjord, så vil vasstanden vere 204,28 i Åraksfjorden når slusene er opne, og 204,80 i Åraksfjorden når slusene er stengt. Rapporten seier og at det er vanskeleg å opne slusene når vassføringa er over 200 m³/s ved utløpet av Byglandsfjord.

I møtet med OB den 7.9.1998 står det følgjande om vassføring: «Bygland kommune har ingen mulighet for selv å måle vannføringen i Otra. De er derfor avhengige av varsling fra OB når vannføringen overstiger eller forventes å overstige 200 m³/s.»

Vidare står det at ein er samd i følgjande: «Slusene benyttes kun i perioden 1. juni til 1. september. Dvs. i perioden 2. september til 31. mai har altså Bygland kommune ansvar for at slusene står åpne og det er ikke behov for varsling/beredskap i denne perioden.»

Det har ikkje vore mogleg å finne meir konkrete avtalar om drift av slusene. Når slusene står opne, vil desse stå å riste/vibrere. Dette fører til ekstra slitasje på fester, wire m.m. Det at sluseanlegget skal stå opne ved stor vassføring sommar og vinter, fører til vesentleg slitasje på anlegget. Sluseanlegg, som er lukka, med relativt likt trykk på både sidene er ikkje utsett for same slitasjen.

Kommunedirektøren meiner at OB òg må vere med å ta del av framtidige kostnader med vedlikehald på sluseanlegget og kostnader med å opne og lukke anlegget. I dag er det Bygland kommune som blir påført alt ansvar. Ved ein kritisk flomsituasjon, er det så gale at kommune, må sprengje i stykker slusene om ein ikkje får opna dei. Kommunedirektøren meiner at kommune er pålagt alt for mykje ansvar mot. å opne og stenge slusene utan nokon form for kompensasjon. Pålegg om eit fond for Bjoren anlegga vil kunne vere med på å dekke opp noko av vedlikehald og kostnader knytt til beredskap og utrykking for å opne slusene (sjå eige avsnitt om fond).



Biletet syner den øvre slusa ved Storestraumen. Slusa er stengt i Bjorensesongen, men står open her pga. av at sesongen er avslutta. Vassføringa er stor og vassnivået i Åraksfjorden er 203,49.

Det tredje løpet

Omgrepet Byglandsfjorden og tolking av manøvreringsreglement

Byglandsfjorden blir bruka som samlenamn for fjorden i frå Vassenden til Ose bru. Byglandsfjorden er delt opp i fleire fjordar. Ein syner til uttale i frå Knut William Bygland som blant anna skriv dette om Byglandsfjorden:

På 1980-talet var eg med kommunen Kraftutbyggingsutval og der var aldri noko anna tolkning i reguleringssamanheng at Byglandsfjorden i denne samanheng er ifrå Vassend til Ose bru. Eg har i ettertid hatt samtale med dåverande formann i kraftutbyggingsutvalet og mangeårig ordførar Knut P. Sandnes som no er 90 og 20 år eldre enn meg. Han også var samd i mi tolkning.

Byglandsfjorden har for oss to undernamn: Øvre del av Byglandsfjorden kallar med Åraksfjorden, Nedre del av Byglandsfjorden kalla me også bare «Byglandsfjorden. For å gjere utanforståande forvirra har me ei inndeling av Nedre del av Byglandsfjorden i ytterlegare 4 delar: I frå sør har med Årdalsfjorden, så Fånefjorden, deretter Byglandsfjorden og til sist Urdeviki (sannsynleg ei daudisgrop) før Storestraum. Øvre del av Byglandsfjorden ovanfor Storestraum kallar med Bjåfjorden, deretter kjem Sandnesfjorden og så til slutt Åraksfjorden. Og for å gjere det komplett så har desse 3 lokalefjordane eit felles namn: Åraksfjorden som då er synonymt med «Byglandsfjordens Øvre del».

Vi meiner at Byglandsfjorden òg utgjer Åraksfjorden i reguleringssamanheng då vasstanden i Åraksfjorden følgjer direkte av regulering av Byglandsfjorden. Av dette følgjer det at Åraksfjorden skal liggje mellom HRV og LRV. Ved tapping av fjorden vil måling ved dam Byglandsfjord vere lågare enn ved måling lengre opp i fjorden. Bygland kommune stilte krav om at ein etablerte fleire målepunkt i fjorden, t.d. ved Byglandsfjord, Bygland og Åraksbø.

som blir tilgjengeleg på heimesida til Otra kraft. Det har kome på plass digital løysing slik at ein kan følgje med på vasstanden ved Byglandsfjord dam og i Åraksbø time for time. Ved at det ikkje er etablert målepunkt i Bygland vil ein ikkje fange opp eventuelle skilnadar i vasshøgda ved Byglandsfjord dam og lengre opp i fjorden ved særskilte forhold.

Storestraumen og det tredje løpet

I boka Bjoren går det fram at ein bygde sluser ved Storestraumen i 1869. I den tida var det trebru, frå 1858, som vegfarande kunne nytte ved passering over Storestraumen. Den «gamle buebrua» i stein som ligg der i dag var ferdig i 1915. Ved sida av brua over hovudløpet er det to mindre bruer (Setesdalswiki). Den eine brua går over sluseanlegget medan neste bru går over det tredje løpet. I 1963 vart det behov for betre bruer over Storstraumen blant anna for å få fram tyngre utstyr i samband med kraftutbygging i øvre del av Setesdal. Av ein eller annan grunn såg ein ikkje behov for å byggje bru som eventuelt kunne ta unna vassmasser som ville kome i det tredje løpet ved ein flaum. Kommunen har fått innsyn i dokument frå Statens vegvesen om bygging av ny tilkomst over Storestraumen, men vi kan ikkje sjå at det ligg føre konkrete vurderingar om kvifor ein vel å ha fylling nedanfor det tredje løpet. Slik det tredje løpet ligg under gamal bru var nok det tenkt for å ta unna vatn under ekstreme flomsituasjonar. Fjellmagasina er i dag med på å dempe faren for ein ekstrem flaumsituasjon i Byglandsfjorden. Det er difor gjerne noko av grunnen til at ein i 1963 ikkje såg behov for ein ekstra vassveg gjennom Storstraumen. I tillegg var det på den tida heller ikkje behov for sluseanlegg av de Dølen og Bjoren ikkje lengre trafikkert på fjorden.

Bygland kommune har fått Norconsult til å foreta vurdering av effekten av eit tredje løp på flomvasstandane i Åraksfjorden i 2014 og i 2018 med nye klimapåslag. Nyaste vurderingane tilseier at fleire hytter bl.a. ved Reiårsvatnet camping og vassinntak ved Åraksbø ligg lågare enn dei nye klimaberekninga tilseier for 200 års flaum i Åraksfjorden. Ved store vassmasser vil det skje ei oppstuking av vassmasser i Åraksfjorden. Er vasstanden høg vil ein då gå over HRV i Åraksfjorden. Utrekningar i Norconsult sin rapport i frå 2014 seier at flomvassnivået i Åraksfjorden kan reduserast med 0,2 – 0,7 m, avhengig av utforming av kanalen og flommens storleik. For meir detaljar om vassføring gjennom Storstraumen og vassnivået i Åraksfjorden, syner ein til Norconsult sin rapport frå 27.03.2015 og notat frå 20.12.2018 samt notat frå Hydrologiservice AS datert 13. oktober 2020.

Endring av klima gjer at ein kan forvente enda større nedbørsmengder over korte tidsrom, som gjer at betre gjennomstrøyming i Åraksfjorden, er meir aktuell. Eit tredje løp vil òg avlaste krisesituasjon på slusene ved eventuelle store vassmasser. Då slusene er lukka om sommaren, for at Bjoren skal kunne gå mellom Byglandsfjorden og Åraksfjorden utan at ein har eigen damvoktar.

I brev sendt til OB datert 23. november 2020 frå advokatfirmaet Lund & Co har ein belyst problemet ved Storestraumen. Under følgjer utklipp frå del av brevet til OB:

4 Tredje løp gjennom Storestraumen og sommervannstand i Åraks- og Byglandsfjorden

Bygland kommune har blant annet fremmet krav om et tredje løp gjennom Storestraumen og krav om sommervannstand i Åraks- og Byglandsfjorden.

Et tredje løp gjennom Storestraumen vil avbøte faren for overløp og flom. I tillegg vil et tredje løp gjennom Storestraumen bøte på problemene ved bruk av slusene, som er særlig utfordrende ved mye vann i sjøene da slusene må åpnes manuelt ved hjelp av menneskekraft. Kravet har derfor også en side til sikkerhet og beredskap. Slusene må være lukket for at dampbåten Bjoren skal kunne gå mellom de to fjordene. Kommunen ønsker å fremheve at Bjoren har en over 140 år lang historie og er en viktig turistattraksjon i Setesdal. Konesjonæren må derfor legge forholdene til rette for at båten fortsatt skal kunne gå mellom de to fjordene uten at det er fare for liv og helse.

I følge uttale frå Grunde Johnsen i møte med OB 13. januar d.å. vil Åraksfjorden kunne brukast til å dempe flom lengre ned i vassdraget. Dei meiner dei kan tillate å la Åraksfjorden stige til kote 203,7 utan at det skal få vesentleg følgjer for bygningar eller vassinntak i Åraksfjorden. Kommunedirektøren meiner at ein ikkje skal basere seg på å bruke Åraksfjorden til å dempe flaum lengre ned i vassdraget. Det må vere ei målsetting at ein bruker fjellmagasina og får tappa Byglandsfjorden heilt ned til LRV i forkant av melding om store nedbørsmengder. I dag har vi langt sikrere prognoser for været framover, slik at regulant bør vere meir førebudd på ekstrem vær no enn tidlegare.




Bilete av det tredje løpet 3. oktober 2017



Vassføring gjennom hovudløpet 3. oktober 2017. Vasstanden var målt til 203,49 i Åraksfjorden.



Bilete av det «andre løpet» ved Storestraumen 3. oktober 2017. Slusene til Bjoren kan sjåast i forkant.



Oversiktskart der «Det tredje løpet» og «Deknekanalen» er markert med blått.

Deknekanalen

Det har kome innspel til kommunen sin arealdel om å byggje ein kanal ved Storestraumen, den såkalla «Deknekanalen». Arbeid med kanalen starta opp for 270 år sidan med å grave ut kanalen for hand. I øvre del kom ein på fjell, og arbeidet stansa så opp. Oppattaking av å få til kanalen har vore diskutert fleire gonger. I kommunestyresak 39/19 vedtok ein fylgjande i samband med revidering av kommuneplanen: *«Storestraumen: Opning av eit tredje løp gjennom «Deknekanalen» eller det tidlegare overlaupet, eller på anna vis få betre kontroll med vasstand v/flaum i Åraksfjorden, må innarbeidast i planprogrammet»*. «Deknekanalen» sin kapasitet som flomdempande tiltak i Åraksfjorden er ikkje utreia, men det bør absolutt vere eit alternativ til det tredje løpet om det syner seg at det er mest føremålsteneleg.

Kommentar

I kart og skriv går det fram at Byglandsfjorden er eit samlenamn for fjorden frå Vassenden opp til Ose bru. I revisjonsdokumentet på s 83 omtalar òg OB Åraksfjorden som ein del av Byglandsfjorden. Mange bryggjeanlegg og anna tiltak i Åraksfjorden er bygd med tanke på at fjorden skal vere på HRV kote 203. Det er ført opp hytter ved Ose Camping som ligg så lågt at dei kan bli sett under vatn om Åraksfjorden skal vere eit flomdempande magasin. Det er

utført erosjonssikring jamfør pålegg i nye vilkår frå 2003 på fleire strekningar frå Vassenden i sør til Langeid i nord. Bygland kommune skal ta del i vedlikehald av erosjonssikringane med 25 % av kostnadane. Utførte tiltak er basert på HRV 203, og bygd etter same lest i Åraksfjorden som i Byglandsfjorden sin nedre del. Det verkar urimeleg at Bygland kommune skal ha ansvar for vedlikehald på utførte sikringstiltak basert på HRV kote 203 om ein har ei høgare reguleringshøgde for Åraksfjorden.

Kommunedirektøren meiner vilkåra i revisjonen må avklare om Åraksfjorden er ein del av Byglandsfjorden mot. manøvreringsregime og kor høgdene i Byglandsfjorden skal målast. For å redusere faren for vasshøgder over HRV i Åraksfjorden må det uansett opnast eit tredje løp.

Krypsiv

Problem

Framvekst av krypsiv er aukande i vassdraget. Dagens tiltak for fjerning av krypsiv er ikkje omfattande eller gode nok til å halde elveleiet opent nord for Ose bru. Ved Tjurrmo dam er det etablert innretningar for å samle opp krypsiv. Krypsiv som rivast laus av naturlege årsakar, ved planlagt innfrysing eller klypping/harving vil kome flytande nedover vassdraget. Nedanfor Tjurrmo dam vil krypsivet gå ut i Åraksfjorden. Store mengder krypsiv vil her leggje seg i bukter og bakevjer. For å få samla opp krypsivet, er det ei føremon å gjere dette når vasstanden er så låg at ein kan kome ned på strendene med traktor. I krypsivet blandast det inn søppel. Krypsivet vurderast då som forureina og må då leverast på godkjent deponi i containerar til Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS på Syrtveit i Evje. Det fører til ein betydeleg ekstra kostnad ved handtering av krypsivet.



Bilete syner Tjurmo dam med lenser for å samle og kran for å ta opp krypsiv.

Krypsivet er øydeleggjande for å bade, ferdsel med båt, fiske m.m. Å utøve friluftsliv i områder med krypsiv er lite imøtekomande for allmenta.

Bygland kommune har framstilt følgjande krav:

- Arbeidet med forskning og fjerning av krypsiv må halde fram. Innfrysing har vist seg som det beste tiltaket mot krypsiv, og må fortsette og utføres årlig. Det er viktig at slammet blir fjernet, og ikke bare planta.
- Det må tilføres årlige bidrag til Krypsivfondet eller tilsvarende øremerkede fond. Krypsivfondet må få påfyll slik at fondet ikkje går tomt, men vil kunne brukast som ein «bank» for tiltak mot krypsiv og forskning på krypsiv så lenge konsesjonen varer (eller til ei løysing på krypsivproblemet funne).
- Eit system med lenser må bli etablert på Ose, slik at mest mogleg av krypsivet som kjem drivande ned elva kan samlast opp og handterast på ein tilfredstillande vis.
- Vasstanden om vinteren må senkast for å hindre etablering av krypsiv i strandsona. Om mogleg ned til 200,0 moh.

Vurderingar

OB er godt kjent med problematikk rundt framvekst av krypsiv. I etterkant av felles synfaring i lag med regulant hausten 2020 sendte advokatfirmaet Lund & Co eit brev til OB, datert 23. november 2020, for kommunane. Under følgjer utdrag frå brevet som omhandlar krypsiv.

Selv om innfrysning har vist seg å ha en god effekt, vil ikke dette alene gi en varig løsning på problemene. Innfrysning er også avhengig av kalde perioder til rett tid. I tillegg vil mekanisk fjerning av planteveksten være nødvendig. Det er mange eksempler på utstyr som blir brukt andre steder i landet. Et eksempel er fjerning av krypsiv i Hafslovatne som er en del av et utbygd vassdrag i Luster kommune. OB burde ta inn som et av sine arbeidsområder å anskaffe utstyr til mekanisk fjerning av plantevekster i vassdraget. Utstyr som kan benyttes i terskebassengene, og ved gyte- og fiskeplasser.

Kommunene ber derfor om at OB umiddelbart utarbeider en fremdriftsplan for videre oppfølging av innfrysningsprosjektet. Kommunen forutsetter at OB i fremdriftsplanen vil legge inn ressurser til at innfrysningsprosjektet lar seg gjennomføre allerede vinteren 2020/21 uavhengig av fremdriften i revisjonssaken. I tillegg til plan for innfrysning ber kommunene OB om å komme med en plan for mekanisk opprensning av plantevekst i vassdraget på gyteplasser, fiskeplasser og badeplasser.

Kommunene forventer at også revisjonsdokumentet inneholder konkrete forslag til realistiske og varige metoder for bekjempelse/kontroll av krypsivveksten i Otra. Det forventes for det første at OB legger til rette for en jevnlig innfrysning, slik at kommunene ikke må vente 20 år mellom hver innfrysning slik situasjonen har vært frem til nå. For det andre forventes det at revisjonsdokumentet inneholder en konkret tiltaksplan både på kort og lang sikt, hvor lokale og regionale interesser og fagapparat vil bli engasjert på en aktiv måte,

slik at man kan bøte på problematikken i alle deler av vassdraget. Tilstanden på de ulike lokalitetene er svært forskjellig. Hvordan arbeidet med rensingen skal legges opp og hvilket utstyr som skal benyttes må derfor tilpasses det enkelte tilfellet. Dette kan skje i form av registrering og beskrivelse av aktuelle tiltaksområder, fastsettelse av tidsestimat med prioritering av rekkefølge, og beskrivelse av aktuelle metoder. I tillegg må det fremgå av revisjonsdokumentet at det legges opp til at tiltakene skal repeteres jevnlig og at arbeidet skal følges opp på en aktiv måte i hele konsesjonsperioden for å holde problemveksten nede.

Kommunene ber om at OB snarest kommer tilbake med en redegjørelse for hvordan innfrysningsprosjektet planlegges gjennomført vinteren 2020/21.

I temamøte om krypsiv, 15. november på Evjemoen, uttalte NIVA ved forskar Susanne Claudia Schneider at årleg innfrysingar vil vere den mest naturleg metoden for å redusere krypsiv i vassdrag.

Kombinasjon av å klyppe og årlege innfrysing vil vere den beste metoden ein kjenner til i dag. Samtidig er det viktig at det er på plass gode metodar for å samle opp krypsiv på Ose, slik at krypsivet ikkje kjem ut i Åraksfjorden. Omtala fiberkabel oppstraums Ose bru blir no lagt på land. Arbeidet går føre seg i desse dagar. Innfrysing mot. fiberkabel er difor ikkje noko problem lengre. Bygland kommune har ein vassleidning som ligg på botnen av elva frå Austad til Ose som må sikrast ved innfrysingsprosjekt.

Det arbeidast med å få ny bru over til Ose. I møte med OB 13. januar d.å. gjorde kommunen OB kjent med planane om ny reguleringsplan for Ose bygdesenter der bl.a. ny bru er ein del av planen. Ved Ose bru er Otra på det smalaste, og oppsamling av krypsiv bør vere aktuell i dette området.

Forsking og uttesting av metodar m.m. blir ivareteke gjennom blant anna, Krypsivprosjektet på Sørlandet.

Kor stort økonomisk tap Bygland kommune har pga. manglande besøkande i øvre del av kommunen, der problemet med krypsiv er størst, veit ein ikkje. Men slik vassdraget framstår i dag, er område lite imøtekomande for båtferdsel eller fiske. Aktørar som profilerer friluftaktivitetar vil ikkje satse på å bruke dette flotte landskapet til sine aktivitetar.



Bilete sør for Sordal 22. september 2021. Krypsivet ligg som eit teppe over store delar av vassstrengen.



Bilete av Otraelva ved Heistad 27. oktober 2021.

Kommentar

Kommunedirektøren meiner at krav som er stilt må stå ved lag. Dvs. at ein må få tilført friske midlar til krypsivfondet og at det her betalast inn årlege bidrag (sjå nærare omtale under fond). OB må òg påleggast å få på plass innretning for å samle inn og ta opp krypsiv på Ose. Innretning må vere fleksibel slik at elvestrekket kan ferdast med båt. Kommunen bidreg i dag aktivt ved deltaking i ulike grupper og ved organisering av arbeid med oppsamling av krypsiv. T.d. engasjerte vi skuleungdom til å vere med i arbeidet for å reinske baderestrender for krypsiv. For meir utfyllande kommentarar syner ein òg til felles uttale utarbeida av advokatfirmaet Lund & Co

Fond

Etter vassdragsloven sin § 17 kan det settast vilkår om at konsesjonær ytar tilskott til fond som kan nyttast til å finansiere naudsynte utgreiingar og gjennomføre prioriterte avbøtande tiltak. Kommunedirektøren meiner årlege utbetalingar og eingongsbeløp bør kombinerast for å få utført naudsynte større tiltak og årlege utbetalingar til framtidig vedlikehald, skjøtsel, utredningar m.m.

Villreinfond

SVR og villreinnemnda har i sin høyringsuttale lagt fram forslag om eit eige villreinfond. Fondet er tenkt å forvaltast etter nokolunde same lest som krypsivfondet blir brukt i dag. Kommunedirektøren stiller seg positiv til villreinfondet. Vi gjer merksam på at Hovatn, ein del bekkeinntak og anleggsvegar ligg òg innafor villreinområde på Austheia. Villreinfondet bør difor òg kunne nyttast for tiltak i Setesdal Austhei.

Kommentar

Kommunedirektøren tilrår at ein legg til grunn krav framstilt i felles uttale frå kommunane via advokatfirmaet Lund & Co.

Krypsivfond

Gjennom ny konsesjon for 2003 og konsesjon for dei nye overføringane i Brokke Nord-Sør, vart det pålagt OB å betale inn høvis 20 og 1 millionar kroner til eit eige fond for undersøkingar og tiltak for å redusere at vassdraget gror til og forsurast. Fondet forvaltast av ei eiga gruppe beståande av NVE, statsforvaltar, regulant og kommunane. I dag har ein etablert eit vassdragsstyret for øvre del og eit for nedre del.

Kommentar:

Fondet må tilførast friske midlar som eit eingongsbeløp og årlege innbetalingar. Ein føreset at innretning for oppsamling av krypsiv på Ose skal vere eit eige bidrag som haldast utanfor krypsivfondet. I tilfellet det skal innlemmast i fondet må det aukast tilsvarande forventa kostnad for å få på plass innretning for å samle opp krypsiv på Ose. Kommunedirektøren tilrår at ein legg til grunn krav framstilt i felles uttale frå kommunane via advokatfirmaet Lund & Co.

Friluftslivfond

Bygland kommune har blant anna stilt krav om at det må leggjast til rette fiskeplassar for funksjonshemmande.

I følgje vilkår meddelt i kongeleg resolusjon av 3. oktober 2003 pliktar konsesjonær (OB):

- Å betale kommunane Kristiansand, Vennesla, Iveland, Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle kr 15 000 til kvar av kommunane til opphjør av fisk og friluftsliv. Det jf. tillating etter vassdragsreguleringslova for OB til å regulere Byglandsfjorden m.m.
- Å betale kommunane Bygland, Valle og Bykle kr 10 000 til kvar av kommunane til opphjør av vilt, fisk og friluftsliv. Det jf. tillating for OB til overføring av Bestelandså m.fl. og Bjørnara m.fl. i Bykle og Valle kommunar i Aust-Agder fylke.
- Å betale kommunane Bygland, Valle og Bykle kr 10 000 til kvar av kommunane til opphjør av vilt, fisk og friluftsliv. Det jf. tillating for Otra Kraft DA til å erverve fallrettigheter i Otra for utnytting i Skarg kraftverk i Bykle kommune i Aust-Agder.

Kommentar

Ut frå at dei tre øvste kommunane har reguleringsmagasina, lengre vasstreng og større ulemper med reguleringa mot. friluftsliv enn dei nedre kommunane, er det etter kommunedirektøren sitt synspunkt rimeleg at vi får ein forholdsvis større del av eit friluftsfond. Kommunedirektøren tilrår at ein legg til grunn krav framstilt i felles uttale frå kommunane via advokatfirmaet Lund & Co.

Fond til Bjoren sine bryggjer og sluseanlegg

Vi syner til det som tidlegare er skrive om Bjoren, bryggjene og slusene. Regulering av Byglandsfjorden har ført til meir slitasje på bryggjeanlegg. Dagens brygger må forlengast og utbetrast om Bjoren skal kunne nyttast i periodar ut over sumarsesongen. I 2007/08 hadde Bygland kommune ein oppgradering på slusene på fleire hundre tusen. Kommunedirektøren meiner at konsesjonær må vere med å kompensert for dei ulempene som reguleringa medfører på bryggjeanlegga til Bjoren og på slusene. Dette må sjåast i samanheng med at dampbåtane Bjoren og Dølen gjekk på Byglandsfjorden før fyrste konsesjonen vart gjeve i 1903 og utvida i 1912. I 1974 vart det innført sumarvasstand for Byglandsfjorden mellom 202 og 203 i frå vårflommens kulminasjon og ut august månad. På det tidpunkt var Bjoren sett på land og slusene var til forfall. Ved opning av ny konsesjon i 1987 var det ingen som såg for seg at Bjoren skulle kome tilbake på fjorden. Ut av St.prp. nr. 73 kan ein ikkje sjå at Bjoren sine bryggjeanlegg vart omtala i revisjonsprosessen.

Kommunedirektøren foreslår at det opprettast eit eige fond til opphjelp av Bjoren sine bryggjeanlegg og sluser. Det utbetalast ei eingongsbeløp på 3 millionar kr og årlege bidrag på 5 % av eingongsbeløpet som justerast årleg etter dei tidsintervall som lova til ein kvar tid bestemmer. Det kan vere eit alternativ er å bake «Bjoren fondet» inn i «Friluftsfondet», men då må «Friluftsfondet» for Bygland kommune tilførast dei ekstra midlane som er skissert i «Bjorenfondet».

Fisk

Bygland kommune har kome med krav om at kvaliteten på fisken i Byglandsfjorden må bli betre. Kommunedirektøren ser at forhold rundt kvaliteten på fisken er samansett. Regulering av fjorden vil føre til endra næringsgrunnlag for fisken, og fiske vil endre seg med reguleringa. Det er difor naturleg at det ystast tilskot til opphjelp av fiske til kommunen.

Bleke

Målet er å få en eigenrekrutterande og haustbar bestand i blekas leveområde. Det opphavlege leveområdet er frå Kilefjorden i sør til Hallandsfossen i Valle i nord. Pr. 2021 er det dokumentert eigenrekruttering i Byglandsfjorden der hovud gyte- og oppvekstområdet er i Vassenden. På elvestrekket oppstrøms Ose er eigenrekrutteringa ikkje i gang grunna fleire forhold.

Bygland kommune har stilt krav om at arbeidet med å leggje til rette for gyteplassar, naturlege vandring og oppvekstvilkår for bleka må fortsette.

Vandringsveger

For å styrke blekebestanden i fjorden må vandringsveg forbi Byglandsfjord dam etablerast. Kjerneområdet for bleka i denne delen av vassdraget er sterkt redusert ved å ha ei fiskesperre. Etter nåledam ble bytta ut med betongdam i 1974 så blei vandringshinder absolutt. Tiltaket vil være med på å sikre god genetisk utveksling og sikre ei viktig næringsvandring mellom elv og fjord som er viktig for både bleke og aure.

For å styrke blekebestanden i fjorden, må vandringsveg forbi Tjurrmo dam etablerast. Historisk sett er elvestrekket eit viktig kjerneområde for bleka.

Ved å opne vandringsveg forbi Byglandsfjord dam og Tjurrmo dam er bleka sikra vandring i sitt opphavslege leveområde frå Kilefjorden til Hallandsfossen i Valle. Dette er eit viktig

bidrag for å få bleka til å igjen bli ein livskraftig bestand på sikt. Dette er tiltak som òg vil være positive for aurebestanden i vassdraget.

Vassføring

Viktig å få oppdatert kunnskap om verknad av dagens vassføring opp mot blekas krav i dei ulike livsfasar i vassdraget. Dette gjeld fyrst og fremst i viktige gyte og oppvekstområder for bleka. Viktige områder er nedstraums Tjurrmo dam (minstevassføringsfelt), utløp Hekni til Ose og nedstraums Byglandsfjord dam (Syrtveitsfossen). Kor stort problem er hurtige endringar i vassføringa (effektkøyning), som resulterer i stranding av fisk, til ulike tider av året? Kor stort problem er dette i dei nemnte områda? Viktig å få belyst dette i den framtidige sikringa av blekebestanden. Det bør krevjast ei miljøtilpassa vassføring som tek omsyn til fiskebestanden i elva.

Vasstemperatur

Vasstemperatur ut av Brokke er ein viktig faktor for korleis fisk trivast på elvestrekket nedstraums. Etter Brokkereguleringa er vasstemperatur blitt endra. Vintertemperatur er høgare og sumartemperatur er lågare. Kva slags konsekvensar har dette for reetableringa av bleka i elvestrekket Tjurrmo-Ose i dag? Er temperaturendringa i seg sjølv eit hinder for bleka i å reetablere seg i dette området. Det bør utreiast om vasstemperatur ut av Brokke påverkar stadier i livssyklusen til bleka negativt, frå rogn til gytefisk.



Bilete syner bleker i ulike aldrar fanga ved elektrisk fiske i Syrtveitsfossen hausten 2018. Elektrisk fiske er eit viktig bidrag i overvakinga av blekebestanden i vassdraget.

Kommentar

Dei naturlege vandringsvegane for bleke må på plass. Målet må vere at ein får opp ein naturleg bestand av bleke, slik at bleke kan bli ein betydeleg art i frå Kilefjorden i Evje til Hallandsfossen i Valle, for framtidig fritids- og næringsfiske til lokale serveringsstadar. I tidlegare tider før kraftutbygging dreiv ein bl.a. med notfiske. Bestanden av bleke tillater ikkje eit slikt fiske i dag.

Viktig å få oppdatert kunnskap om verknad av dagens vassføring opp mot blekas krav i dei ulike livsfasar i vassdraget. Dette gjeld fyrst og fremst i viktige gyte og oppvekstområder for bleka. Innføre miljøtilpassa vassføring i dei viktigaste elvestrekka.

Kommunedirektøren meiner at det skal utreiast korleis variasjonar på temperatur ut av Brokke kraftverk gjennom året påverkar bleka i alle livssyklusar. Det er viktig å få utreia om vasstemperaturen gjennom året i elvestrekk påverkar produksjonsgrunnlaget for bleke negativt i den framtidige vurderinga av blekebestandens berekraft.

Det er gjort mykje godt arbeid for bleka. Det bør avklarast i revisjonen om nemnte tiltak for å betre bleka si vandring og oppvekstvilkår skal gå fram av standard vilkår for naturforvaltning eller om dei skal påleggast som særskilte vilkår. Vandringsveg ved Syrtveitsfossen bør òg sjåast i samanheng med at OB har meldt oppstart av kraftverk på elvestrekket.

Når det gjeld tidspunkt for gytetida til bleka, viser vi til brev frå NVE til OB datert 28.9.12. der det er opplyst at ny kunnskap om gytetid flytter restriksjonane i manøvreringsreglementet til perioden 1. desember til 31. desember. For regulanten fører det til 10 dagar ekstra med meir fleksibelt manøvreringsregime.



Bildet syner garnfanga bleker i Vassenden haust 2016. Garnfiske er eit viktig bidrag i overvåkinga av blekebestanden i vassdraget.

Storaure

I Byglandsjorden og elvestrekk Ose-Tjurrmo blir det årleg fanga storaure (1-5 kg). Det er dokumentert gyting av eit større tal storaure i elvestrekket oppstraums Ose. Kunnskap omkring gyte- og oppvekstområder for storaure i vassdraget er mangelfullt. Ein storaureførekomst er eit verdifullt bidrag til fjord og elv.

Storauren bidreg til bestandsregulering av ein elles overtalig aurebestand, og storauren er ein rovfisk på ein etablert ørekytebestand.

I Otravassdraget er det òg ein eigen variant av aure med eit heilt spesielt mønster på skinnet som lokalt blir kalla «marmoraure». Storaure, «marmorauren» og bleke er særigne kvalitetar på fisk som bidreg til opplevingar for lokalbefolkning og tilreisande.

Kommentar

Kommunedirektøren meiner at det må bli sett i gang undersøkingar og registreringar som vil betre kunnskapsgrunnlaget omkring storaurebestand og «marmorauren» i fjorden.



Bildet syner storaure på 3,2 kilo som blei fanga under prøvofiske med garn sumar 2020 ved Storestraumen i Bygland.

Hovatn:

Vasspegel

Hovatn er regulert mellom HRV kote 690,68 og LRV kote 673,84 (samla reguleringshøgde 16,84 m). I perioden frå 1 mai til 1. september skal det ikkje tappast frå Hovatn før vasstanden har nådd kote 685,7. Vasstanden må ikkje tappast under kote 685,7 i perioden.

Av St.prp. nr 73, s 55 står det følgjande om Hovatn og vasspegel: *«NVEs forslag er at det i perioden 01.05 til 01.09 skal prioriteres oppfylling til kote 685,7, som tilsvarer naturleg sommervannstand og vil gi et vannspeil frem mot demningen. Departementet slutter seg til NVEs forslag.»*

Kommunen har fått innspel på at vassnivå på kote 685,7 ikkje gir samanhengande vasspegel fram mot dam, og at vasstanden må vere på 686,5 for å få samanhengande vasspegel fram til dam. Altså 80 cm høgare enn den er i dag. I revisjonsdokumentet på s 106 syner OB til at det vil ta 21 dagar ekstra å fylle opp magasinet med 80 cm (basert på midlar tilsig). Dette medfører at det vil gå ytterlegare tre veker før Hovatn kraftverk kan starte produksjonen og såleis bidra med å etterfylle Byglandsfjord.

Kommentar

Hydrolog Einar Østvold har i notat datert 28. oktober følgjande kommentar: *«2,7 m³/s i 21 dager gir et volum på 4,9 mill.m³, som må sies å være helt marginalt i forhold til magasinvolument i Byglandsfjord på 212 mill. m³. Vi kan ikke se at OBs innvending er vesentlig for å avslå kommunens krav.»* Kommunedirektøren meiner ut frå vurderingar over at kommunen må halde på kravet om ein høgare sumervasstand i Hovatn.

Minstevassføring:

Bygland kommune har stilt krav om minstevassføring nedstraums bekkeinntaka Byrtingsbekken og Fiskeløys og ut frå dam Hovatn vurderast. OB har skissert at krav om minstevassføring i vassdraga vil føre til eit samla krafttap på 10,8 GWh/år. Det ligg ikkje føre miljøfaglege vurderingar som tilseier at det ikkje er behov for minstevassføring.

Kommentar:

Vi saknar ein grundigare miljøfagleg vurdering av forholda.

Brannvatn i Hovassåni.

I ettersendt krav i brev datert 23. november 2020 frå advokatfirmaet Lund & Co, har Bygland kommune fremja krav om frostfritt høgdebasseng gjennom heile året av omsyn til branntryggleik og landbruksformål for gardane langs Hovassåni.

I revisjonsdokumentet s 104 skriv OB: *«OB er i utgangspunktet positiv til å bidra til et slikt anlegg, men omfang eierforhold, vedlikehold og fordelingsnøkkel for finansiering må vurderes nærmere.»*

Kommentar

I tørrare periodar på året og når det er kaldt, vil det vere ei utfordring å få no slukkevatn ved bygningsbrannar eller ved brann i utmarka. Det er positivt at OB ser at endra vassføring i Hovassåni fører til mindre tilgjengeleg slukkevatn og vatn til jordbruket. Kommunedirektøren meiner OB må ta kostnaden med å byggje og vedlikehalde frostfritt høgdebasseng då problemet med lite vatn kjem som følgje av manglande minstevassføring i Hovassåni.

Longeraksvatn:

Sumarvasstand

Reguleringsgøgda i magasinet er 4m der HRV 597,84, LRV 593,84. Bygland kommune har stilt krav om at sumarvasstanden skal vere høgare. Kommunen har ikkje kome med konkrete krav til sumarvasstanden.

OB skriv i sitt revisjonsdokument på s 107 at: *«En sommervannstand vil føre til vanntap og redusert kraftproduksjon i Longerak kraftverk på 0,4 GWh/år og omdisponering av ca. 5 GWh/år frå høylast- til lavlastperiode.»* Kalkyla er ut frå ein sommervasstand på kote 597. Vasstanden er i følgje OB sjeldan er under kote 596 om sumaren.

Om kostnad ved stabil høg sumarvasstand skriv OB:

«Kostnaden ved å holde en høyere sommervannstand med dagens stasjonsutrustning på Longerak er ikke særlig stor, men OB tror den opplevde nytten av en slik restriksjon (for allmenheten) vil være svært liten, all den tid vannstanden i praksis har vært over kote 596,0 hver sommer.»

OB mener derfor argumentene for restriksjon ikke møter kravet til forholdsmessighet, da det er relativt få som har glede av en slik restriksjon. OB kan heller ikke se at en slik restriksjon vil ha vesentlige fordeler for miljøet.»

Kommentar

Vi er ueinige i at det er få som brukar Longeraksvatnet og områda rundt. Longeraksvatnet utgjer eit areal på 3,4 km² og har ei strandlinje på 23 km. Det er mange eigarar rundt vatnet og to gode traktorveggar fører fram mot vatnet som mange går tur etter. Vatnet har godt fiske og det er mange som har båt i vatnet. Vi meiner det er av allmenn interesse at sumarvasstanden i Longeraksvatnet er høg. Det vil gi eit naturleg landskapsbilete av vatnet til glede for besøkande og vesentleg enklare å kome utpå og få båt på land igjen. I dette tilfellet meiner vi at ulempene er marginale for regulant med å innføre sumarvasstand i vilkåra samanlikna med ulempene låg vasstand har for allmenta.

Båtopptrekk

OB skriv følgjande om båtopptrekk i Longerakskilen og ved Stemmen: *«Krav om båtopptrekk i Longerakskilen og ved Stemmen mener vi er privatrettlig og at dette derfor faller utenfor revisjonen.»*

Kommentar

Båtar i området høyrer i hovudsak til grunneigarane. Kommunedirektøren er for såvidt einig med OB i at kravet er av privatrettsleg karakter. Båtopptrekk vil òg ha mindre tyding om ein får ein høgare vasstand om sumaren.

Tømmerdrift om vinteren

Bygland kommune har krav om at det må vere mogleg å avtale stabil vasstand for å frakte tømmer på isen vinterstid.

OB skriv følgjande i revisjonsdokumentet s 107: *«Grunneiere ved magasinet er kompensert for skader og ulemper ved reguleringen uten at vi kan dokumentere at tømmerdrift inngår*

her. OB stiller seg likevel positiv til å kunne ha en dialog med grunneierne om saken når det er aktuelt. Dette er uansett en privatrettslig sak som ikke skal behandles videre i prosessen.»

Kommentar

Kommunedirektøren tilrår at vi ikkje fører kravet vidare

Longerak kraftstasjon:

Bygland kommune har stilt krav om at Longerak kraftstasjon skal bevarast. OB meiner at bevaring kan tas hand om av sektormynde og AEVK.

Kommentar

Kommunedirektøren vonar at Longerak kraftstasjon kjem med på liste over kulturminner/kulturmiljøer av nasjonal verdi innenfor vassdrags- og energisektor. Ein difor einig med OB i at det ikkje er naturleg å ha kravet med vidare i prosessen.

Gyvatn:

Gyvatn ligg i kommunane Evje og Hornnes og Bygland. Reguleringshøgda i magasinet er 3 m der HRV 564,5 og LRV 561,5.

Sumarvasstand

Bygland kommune har stilt krav om at sumarvasstanden bør vere innanfor 563,5-564,5. I tidlegare tider når det var nåledam ved utløpet, opna ein dammen 3 veker om hausten og tre veker om våren (Kai Larsen pers. meddelt). Etter utbygging av Uleberg kraftstasjon i 2006 har tapperegimet av Gyvatn vorte endra. Gyvatn og Sandvatn utgjør vassmagasinet Gyvatn. Ferdsel med båt mellom vestre del, Gyvatn, og austre del, Sandvatn, stoppar opp ved sundet Sloa ved låg vasstand. Sundet er relativt langt, slik at det er lite aktuelt å dra båt over når vasstanden er låg. Det er komne fleire hytter i området og bruken av vatnet er vesentleg større no enn på revisjonstidspunktet. Fleire av hyttene brukar båt for å kome til og frå hytta og til fritidsfiske. Tapping av vatn om sumaren gjer det vanskeleg å sette ut og dra inn båt av di det er langgrunt fleire stader. Det går veg opp til vatnet i frå Evjesida frå Austegard, som er open for allmenta.

Av revisjonsdokumentet på s 107-108 går det fram at regulering mellom kote 563,5-564,5 om sumaren vil føre til eit produksjonstap på 1,5 GWh/år og auka vasstap gjennom året. OB viser òg til ulempe med manuell lukeregulering.

Kommentar

Vi meiner tap av produksjon og ulemper for regulant i dette tilfelle er marginale. Ved auka sumarvasstand vil ein ha eit naturleg landskapsbilete, det kan settast ut og dragast inn båt på vatnet og ein kan ferdast med båt gjennom Sloa. Fordelane med sumarvasstand mellom kote 563,5 - 564,5 i Gyvatn for allmenta er etter vår vurdering rimelege sett i forhold til ulempene for regulant. Kommunedirektøren meiner at vi bør halde på kravet om at det innførast eit nytt vilkår i revisjonen om at sumarvasstanden bør liggje mellom kote 563,5 – 564,5 i frå vårflaumen sin kulminasjon til 30. september.

Tapping av magasinet om vinteren gjer at ferdsel på isen blir utrygg.

Transport til og frå hytter skjer med snøskuter om vinteren. Endra tapperegime har ført til at isen ikkje er trygg nok til å ferdast med snøskuter eller på ski delar av vinteren. Framkome

rundt Gyvatn og ved utløp er utfordrande. For at allmenta i større grad skal kunne nytte Gyvatn om vinteren har Bygland kommune stilt krav om at nedtapping av Gyvatn bør skje etter påske.

Kommentar

Klima er endra. Vi har gjerne periodar med mildvêr midtvinters. Vi får dermed sjeldan så god is som før i tida. Tapping av magasin vinterstid medfører ytterlegare svakare is, slik at isen ikkje blir farbar på ski eller med snøskuter. Gode alternative trasear rundt vatnet kan vere utfordrane å få til. Kommunedirektøren oppmodar OB til å ha dialog med grunneigarar og hytteeigerar om regulering av Gyvatn vinterstid og om ein kan få til alternative ferdselsruter ved dårleg is.

Fiskevandring

Bygland kommune har stilt krav om at det leggst til rette for naturleg vandring for aure mellom Skjerka og Gyvatn.

Damvoktar Tobias Gullsmedmoen har fortalt til Kai Larsen at vannstreng på vestsida av dammen er ei «fisketrapp». På denne tida var det ikkje fisk i Gyvatn. Kai Larsen har meddelt dette vidare til administrasjonen.

Av revisjonsdokumentet s 114 går det fram at OB meiner at det er ein misforståing at det eksisterte ei fisketrapp på sida av dammen. Kommunen har ikkje noko dokumentasjon ut over det vi har fått frå person som er svært godt kjent, og som har bruka området langt tilbake i tid. Av eldre foto og flybilete går det fram at det er eit vasstilsig på sida av dam.

Kommentar

Kommunedirektøren meiner at ein må få meir kunnskap om fiskevandring i Skjerka, og vi er einige med OB i at det bør ivaretakast gjennom handlingsplan for fisk i samarbeid med Statsforvaltaren.

Bygland, **27.12.2021**

Kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Høyring: Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Otravassdraget
- 2 Infoark_revisjon_konsesjonsvilkår_nynorsk.doc.PDF
- 3 Høyringsbrev.PDF
- 4 2021-10-28 Revisjon Otra-Hydrologiske spørsmål.pdf
- 5 Kopi av brev: Revisjon av konsesjonsvilkår for regulering av Otravassdraget - oppfølging av tiltak
- 6 2020-11-20 Brev til OB vedr. oppfølging av tiltak_P1940
- 7 2020-10-05 Referat fra befaring i Øvre Otra_lundogco
- 8 2020-10-13 Storstraumen ekstra løp - Brannnummer

- 9 Vannstandar i Åraksfjord og Byglandsfjord med klimapåslag
1 Storestraumen mellom Åraksfjord - Byglandsfjord. Vurdering effekten av et tredje løp på
0 flomvannstandene i Åraksfjorden
1 2022-01-24 Høringinnspill vertskommunene felles lundogco.docx
1

Melding om vedtak blir sendt til:

Norges vassdrags- og energidirektorat

Kopi:

Lund & Co

Statsforvaltaren i Agder

Agder fylkeskommune

Otteraaens Brugseierforening